



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/1238-115

13.09.18

Søknad om ferjeavløysingsmidlar for prosjektet fv 606 Ytre Steinsund bru i Sogn og Fjordane

Samferdselsdepartementet viser til brev av 20. desember 2017 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Statens vegvesen, med søknad om at prosjektet fv 606 Ytre Steinsund bru kjem inn under ferjeavløysingsordninga for fylkesveg. Søknaden baserer seg på fylkestingvedtak av 5. desember 2017. Fylkeskommunen legg til grunn at søknaden vert handsama etter kostnadsnøkkelen i inntektssystemet for fylkeskommunar som galdt for 2017.

Vegdirektoratet rår i brev av 7. mars i år til Samferdselsdepartementet til at søknaden vert handsama etter retningslinene for ferjeavløysingsordninga for fylkesvegferjer. Direktoratet konkluderer med at søknaden tilfredsstillar krava i retningslinene for å koma inn under ferjeavløysingsordninga.

Vegdirektoratet opplyser at finansieringsplan for prosjektet ikkje går direkte fram av fylkestingvedtaket. Finansieringsplan er nærare omtala i vedlegg til sakspapir til fylkestinget.

Vegdirektoratet legg i si tilråding til grunn at eit kostnadsoverslag på 688 mill. kr (2017-kroner) vert lagt til grunn for prosjektet. (Omrekna til 2018-kroner vert summen 702 mill. kr.)

Samferdselsdepartementet konkluderer med at søknad om ferjeavløysingsmidlar til prosjektet fv 606 Ytre Steinsund bru i Sogn og Fjordane vert godkjent, under føresetnad av at fylkestinget gjer eksplisitt vedtak om finansieringsplan i samsvar med saksframlegg for fylkestinget i desember 2017.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikkisikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Dag Namtvedt
22 24 82 49

Kommunal- og moderniseringsdepartementet vil i eige brev til fylkeskommunen opplysa om årleg sum med ferjeavløysingsmidlar og kor lang utbetalingsperiode som som vert lagt til grunn for prosjektet.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Statens vegvesen Region vest
Vegdirektoratet